

# Visitasmelding

frå Valle og Hylestad sokn og Bykle sokn  
Agder og Telemark bispedømme 8.-12.februar 2017



## Innhald

1. Innleiing .....	3
Kort historisk riss sidan sist visitas , april 2006 .....	3
2. Sokna .....	3
Grenser, folketal, kyrkjemedlemskap .....	3
Lokalsamfunnet; kultur- og samfunnsliv .....	4
3. Kyrkjebygg og kyrkjegardar .....	4
Kyrkjehusa – kort omtale og vurdering .....	4
Hylestad kyrkje .....	4
Valle kyrkje .....	5
Bykle gamle kyrkje .....	5
Bykle kyrkje .....	5
Fjellgardane kyrkje .....	5
Gravplassar – kort omtale og vurdering .....	5
Hylestad kyrkjegard .....	5
Valle kyrkjegard .....	5
Bykle kyrkjegard .....	5
Fjellgardane kyrkjegard .....	6
Andre bygg – kort omtale av kyrkjelydshus og liknande .....	6
4. Kyrkjelege råd og tilsette .....	6
Sokneråd og fellelråd Valle og Hylestad .....	6
Sokneråd og fellelråd Bykle .....	6
Tilsette, Valle og Hylestad .....	7
Tilsette, Bykle .....	7
5. Kommunen og kyrkja .....	8
Generelle vurderingar .....	8
Kyrkja i kommuneplanane, økonomi .....	8
Eventuelle nye prosjekt/planar/saker .....	8
6. Kyrkja og skulen .....	9
Generelle vurderingar .....	9
Samarbeid kyrkje – skule – barnehage .....	9
7. Arbeidet i kyrkjelydane .....	9
Kyrkjelydane sin strategi og visjon .....	9
Generelle vurderingar av livet i kyrkjelyden .....	9
Gudstenester: utvikling av gudstenestelivet og gudstenestedeltaking .....	10
Kyrkelege handlingar .....	10
Trusopplæring 0-18 år – anna barne- og ungdomsarbeid .....	11

Undervisningsarbeid vaksne .....	12
Diakoni .....	12
Misjon/SMM (Samarbeid menighet og misjon).....	12
Kyrkjemusikalsk arbeid.....	13
Integrering av menneske med spesielle behov og nye nordmenn.....	13
Kultur, samarbeid med det alminnelege kulturliv .....	13
8. Samarbeid med organisasjonar og kyrkjelydar .....	15
9. Konklusjon/framtidsperspektiv .....	16

## 1. Innleiing

### Kort historisk riss sidan sist visitas , april 2006

Siste visitas i Valle og Hylestad og Bykle vart halde av biskop Olav Skjevesland i 2006

I Visitasmelding frå 2006 heiter det:

«Sokneråda har ingen planar om store endringar, men vil halde fram med det gode arbeidet. Utfordringar som sokneråda har framover, er til dømes fornying og nyrekruttering når det gjeld det friviljuge arbeidet, og korleis kyrkjelydsarbeidet skal møte turistsatsinga.»

Nytt mannskap

Sidan 2006 har sokna fått ny sokneprest og organist. Det er ny kyrkjeverje i Bykle og prostidiakonen er også ny. Frå hausten 2015 blei det tilsett felles ungdomsleiar. I Fjellgardane kyrkje har det kome ny kyrkjetenar.

## 2. Sokna

### Grenser, folketal, kyrkjemedlemskap

Valle og Bykle kommune ligg øvst i Setesdal og er identisk med Valle og Hylestad sokn og Bykle sokn, og der baa sokneråda har også fellesrådsansvar.

Valle kommune har nedgong i folketal. Bykle kommune har vekst i folketal.

Det er få innbyggjarar, så små endringar merkast godt.

Folketal

	01.01.05	01.01.16
Valle	1379	1242
Bykle	855	945

Kyrkjemedlemmer

Sidan 2005 har kyrkja hatt ein nedgong i tal på medlemmer i baa sokn/kommunar.

	01.01.05	01.01.16
Valle	Om lag 1100	1012
Bykle	757	686

## Lokalsamfunnet; kultur- og samfunnsliv

Kommunane har fire hovudbygder med eige postnummer: Rysstad, Valle (kommuneadministrasjon), Bykle (kommuneadministrasjon) og Hovden.

Elles er det gardar og mindre grender spreidd langs riksvegen.

Det naturlege samarbeidsområdet i dei fleste samanhengar er Setesdal, med dei andre kommunane Bygland, Evje og Hornnes og Iveland. Det regionale samarbeidet er formalisert kommunalt i Setesdal regionråd.

Otredal prosti utgjør kommunane i Setesdal, Iveland og Vennessla.

### Kraftkommunar

Før kraftverksutbygginga, som har pågått i meir enn 100 år, var dette området noko av det fattigaste i landet. Inntektene som følgde med kraftutbygginga har vore svært viktig for utviklinga i Øvre Setesdal. Offentleg infrastruktur og tenesteyting er på eit høgt nivå.

### Næringsvegar

Mange innbyggjarar arbeider med vasskraft, infrastruktur som vegar/bygg/anlegg, offentleg og privat tenesteyting, reiseliv og landbruk. Handverk av ulikt slag er også ein viktig næringsveg.

### Vidaregåande skular

I Valle og på Hovden er det vidaregåande skular. I Valle held også Setesdal folkehøgskule til.

### Offentleg tenestilbod

Tenestetilbodet er godt.

Administrasjonsbygg, skulebygg, barnehagar, eldreheimar og anna er relativt nye, og i god stand.

Alle 4 bygdene har eigne grende-/samfunnshus: Rysstad soknehus, Vallehalli, Bykle samfunnshus og Hovden grendehus.

Kulturlivet er rikt og variert.

Gode kulturskular og mange frivillige organisasjonar skapar mange gode møteplassar.

I Valle og Rysstad er det eit rikt folkemusikkmiljø.

### Turisme

Både kommunane er prega av reiseliv og mange fritidsbustader. I Bykle kommune er det om lag 2700 fritidsbustader og i Valle kommune mellom 1000 og 1500.

Bykle/Hovden har den største konsentrasjon av turistbedrifter.

## 3. Kyrkjebygg og kyrkjegardar

Kyrkjene er jamt over i god stand. Ut over sjølve kyrkjebygga, er det ikkje særskilte aktivitetshus, berre tilhøyrande bårhus ved kyrkjene.

### Kyrkjehusa – kort omtale og vurdering

#### Hylestad kyrkje

Hylestad kyrkje blei vigsla i 1839. Det er ei åttekanta lafta kyrkje med om lag 150 sitteplassar.



Hylestad kyrkje  
175 år  
Jubileumsgudsteneste  
sundag 29. juni  
kl. 11.00



Tone Rysstad – song  
Tora Akre Lund – song  
Kim André Rysstad – song  
Anne Helle Hagen – fele  
Anders Robstad – trompet  
Daniel Sandén – warg – fele  
Tonhild Krakenes – organist  
Karin Leifsdatter Sæe – klokkar  
Soknepreste Terje Seilskjær  
Prost. Gunnar Ellingsen

Velkomen til festtidag på soknehuset etter gudstenesta.



Det mest spesielle med kyrkja er Hylestadportalane. Det står kopiar av dei opphavlege portalane i våpenhuset.

### **Valle kyrkje**

Valle kyrkje var ferdig bygd i 1844. Det er ei krosskyrkje som er bygd etter typeteikningar av arkitekt Linstow. Kyrkja har om lag 400 sitjeplassar.

### **Bykle gamle kyrkje**

Bykle gamle kyrkje har vore i bruk frå 1620. Dette legg strenge restriksjonar på bruk og vedlikehald av kyrkja. Kyrkja er rosemåla på veggene innvendig i 1826. Samanlikna med andre gamle, freda kyrkjer, er Bykle gamle kyrkje i god stand. Sprinklaranlegg blir gjort ferdig i desse dagar.

### **Bykle kyrkje**

Bykle kyrkje blei vigsla av biskop Skjevesland 5.september 2004 og er ei moderne «arbeidskyrkje» med fleire bruksområde og har omlag 250 sitjeplassar. Kyrkja er eit vakkert liturgisk rom og blant dei beste konsertlokala i dalen. Det må skiftast takrenner på kyrkja.

### **Fjellgardane kyrkje**

Fjellgardane kyrkje blei vigsla i 1957 og har omlag 110 sitteplassar. Kyrkja er for lita i samband med store høgtider. Jolegudstenesta må haldast på Hovden grendehus. Kjøkken og andre fasilitetar er ikkje store nok og godt nok eigna for å drive eit allsidig arbeid for ulike aldersgrupper.

Felles for alle kyrkjene er at dei er godt vedlikehaldne, både innvendig og utvendig. Det skal igongsetjast eit prosjekt der ein ynskjer å installere varmestyring i kyrkjene.

## **Gravplassar – kort omtale og vurdering**

Gravplassane er jamt over i god stand. Gjenbruk av graver er vanleg, når dei etterletne ønskjer det.

Både sokna har tenesteytingsavtale med kommunane. Kommunane tek gjennom avtalane seg i stor grad av praktisk arbeid og vedlikehald av gravplassane.

### **Hylestad kyrkjegard**

Hylestad kyrkjegard vart oppgradert og utvida i 2005 og vigsla 26.juni same år.

### **Valle kyrkjegard**

Valle kyrkjegard består av ein eldre og ein nyare del. Det minkar på gravplassane på den nyare delen. Det er nok gravplassar dersom ein nyttar seg meir av gjenbruk.

### **Bykle kyrkjegard**

Gravplassen består av ein eldre og ein nyare del nær Bykle gamle kyrkje. 26.mai 2013 blei det vigsla ein heilt ny gravplass ved den nye kyrkja. Den nyaste gravplassen har eit ikkje-vigsla område for avlidne frå andre religionar. Det skal igongsetjast arbeid med felles minnelund med tilhøyrande monument på den nyaste gravplassen i Bykle.

## Fjellgardane kyrkjegard

Gravplassen skifta namn i samband med at bygget skifta namn i 2002, og har mange ledige graver.

## Andre bygg – kort omtale av kyrkjelydshus og liknande

Valle meinighetshus er seld til kommunen. Det er planlagd kyrkjestoge i nytt kommunalt bygg.

## 4. Kyrkjelege råd og tilsette

I kvart sokn har soknerådet også fellesrådsansvar og er arbeidsgjevarar for kyrkjeleg tilsette. Soknepresten har eigen arbeidsgjevar (kyrkjeråd). Ut over dette er det utstrakt tenesteyting frå kommunane når det gjeld praktisk arbeid på kyrkjegardane og rundt kyrkjene.

### Sokneråd og fellesråd Valle og Hylestad

NAMN	OPPGÅVE
Astrid Nomeland	Leiar
Lisbeth Dalquist Homme	Nestleiar
Siri Melhus	Medlem
Gunnveig Kaarvann	Medlem
Ragnar Aspholm	Medlem
Liv Bjørgum Ryningen	Medlem
Sissel Åkre	1.Vara
Kari Bjørgum	2.Vara
Pål Dale	Vara
Bente Bjørgum	Vara
Birgit Flaten	Vara
Terje Seilskjær	Sokneprest

### Sokneråd og fellesråd Bykle

NAMN	OPPGÅVE
Else Gyro Rysstad	Leiar
Signe Lillemo Mundal	Nestleiar
Bernt Einar Berntsen	Medlem
Kjell Hagestad	Medlem
Berit Follerås	Medlem
Brigitte Haugen	Medlem
Knut Inge Repstad	1.vararepresentant
Ryszard Gosciniak	2.vararepresentant
Kari Hovden Hoslemo	Kommunal representant
Thoralf Hildebrandt	Kommunal vararepresentant
Terje Seilskjær	Sokneprest

## Tilsette, Valle og Hylestad

NAMN	STILLING	Stillingsprosent
Anne Kirsten Ringstad	Kyrkjesjef	60 %
Anne Kirsten Ringstad	Kyrkjelydsarbeidar	40 %
Henrik West	Organist	60 %
Karin Bøe	Klokkar/kyrkjetenar	15 %
Inger Pålsson Rysstad	Reinhaldar	16 %
Martin Wikstøl	Ungdomsleiar/trusopplærar	20 %
Anna Heggland	Prostidiakon	7,5 %

## Tilsette, Bykle

NAMN	STILLING	Stillingsprosent
Tor Hallvard Mosdøl	Kyrkjevevje	60 %
Tor Hallvard Mosdøl	Kyrkjelydsarbeidar	40 %
Henrik West	Organist	40 %
Knut Rysstad	Klokkar/kyrkjetenar	12 %
Ryszard Gosciniak	Klokkar/kyrkjetenar	4 %
Martin Wikstøl	Ungdomsleiar/trusopplærar	20 %
Anna Heggland	Prostidiakon	7,5 %

For organist og ungdomsleiar sin del, er arbeidsgjevaransvaret formelt lagt til Valle og Hylestad, og Bykle kjøper sin andel av stillingane.

Det same gjeld prostidiakonen, der arbeidsgjevaransvaret formelt er lagt til Vennesla, og Bykle og Valle/Hylestad kjøper sin andel av stillinga.

I tida etter sist bispevisitas, har samarbeidet mellom Bykle og Valle/Hylestad auka.

Det er felles stabsmøte for Bykle og Valle/Hylestad om lag ein gong i månaden.

Det samarbeidast tett om trusopplæring.

### Arbeidstilhøve

I Valle sokn er dei fellestrådtilsette og soknepresten samla på eit kontor i kommunehuset.

I Bykle har kyrkjevevja eige kontor i rådhuset.

Sokneråda har vedteke å igongsetje ein stabsprosess for å sjå på arbeidsoppgåver til den einskilde og vidare samarbeid mellom sokna. Det er leigd inn konsulent frå KA til å leie prosessen som er i gong, og planlagt avslutta i løpet av 2017.

Systematisk arbeid med HMS (Helse – Miljø – Tryggleik) havnar nede på prioriteringslista for kyrkjevevje/kyrkjesjef. I praksis samarbeider dei to sokna svært tett – ein veks nærast saman. Kyrkjevevjene ser at ein med fordel kunne ha formalisert samarbeidet mellom sokna. Det ville kunne frigjere tid og ressursar, i tillegg til gje rom for ansvarsfordeling og meir spesialisering.

## 5. Kommunen og kyrkja

### Generelle vurderingar

Både sokna har tenesteytingsavtale med kommunane.

Tenesteytingsavtalane omfattar i hovudsak områda økonomi/personal/kontorstøtte og bygg/eigedom/anlegg. Tenesteytingsavtalane gjev sokna tilgong til fagkompetanse sokna sjølv ikkje har nok oppgåver til å ha fast tilsett kompetanse på. På den andre sida oppfatar kyrkja at arbeidsoppgåvene for sokna er med å fyller opp stillingar i kommunane. Totalt sett gjev det god ressursutnytting for både partar.

Bykle: Kommunen og kyrkja har i stor grad eit godt samarbeid, prega av respekt og hjelpsemd. Då Bykle kyrkje vart bygd, stilte kommunen med byggeleiar og fullfinansierte bygget. Kyrkja sitt arbeid blir verdsett i kommune og lokalsamfunn.

Valle: På administrativt nivå og i forhold til tenesteytingsavtalen er det stort sett eit godt samarbeid med lite konflikter.

Samarbeidet kan forbetrast med regelmessige møte. Jfr. Tenesteytingsavtalen.

### Kyrkja i kommuneplanane, økonomi

Bykle: I kommuneplanen frå 2006, som gjeld til 2018, er kyrkja sin plass i lokalsamfunnet omtala under overskrifta Kultur og miljø:

«Kyrkja skal vere ein viktig del av oppvekstmiljø, omsorgsarbeid og identitet i Bykle, samstundes som andre trussamfunn skal ha gode arbeidsvilkår.»

Ny kommuneplan for Bykle er no under arbeid. Ulike grupper har hatt møte og kome med innspel, og soknerådet ønskjer også å vere med å prege planen. Korleis er enno ikkje klart.

Valle: I kommuneplanen som gjeld frå 2002 til 2012 er ikkje kyrkja nemnd. Soknerådet har ikkje blitt spurdt om innspel til planen.

### Eventuelle nye prosjekt/planar/saker

Bykle:

- Kommunen er i ein omorganiseringsprosess, som nærmar seg ferdig. Den involverer kyrkja ifht tenesteytingsavtalen, og korleis kommunen organiserer og følgjer opp tenester til kyrkja.  
Bykle kommune har i samband med omorganiseringsprosessen sagt opp tenesteytingsavtalen med Bykle sokn, og ynskjer å reforhandle avtalen. Gamal avtale gjeld inntil ny er på plass. Det trengst blant anna nokre presiseringar og klargjeringar av avtalen på enkelte område når det gjeld bygg og kyrkjegard.
- Det bør setjast fokus på å gjennomføre jamnlege oppdateringsmøte med kommunen, ihht tenesteytingsavtalen.
- Alle kyrkjelege bygg og anlegg er enno ikkje overført frå Bykle kommune til Bykle sokn. Dette bør prioriterast.
- Utviding av Fjellgardane kyrkje eller nybygg viktig å vurdere.

Valle:

- Tenesteytingsavtalen mellom kommune og Valle og Hylestad sokn bør reviderast.
- Eit utval arbeider med å gjere Valle kyrkje meir egna til fleirbruk.



## 6. Kyrkja og skulen

### Generelle vurderingar

I skulane og barnehagane er det ei positiv haldning til kyrkja og dei kyrkjeleg tilsette. Ungdomsleiar har starta skulelag på ungdomsskulane i båe sokna. Konfirmasjonsundervisninga er lagt utanfor skuletida, og haldast stort sett i kyrkjene og Meinigheitshuset i Valle.

### Samarbeid kyrkje – skule – barnehage

Det er fast skule- og barnehagegudstenester før jul, elles er det ikkje rutinar for anna regelmessig samarbeid. Kyrkjene blir besøkt av skulane/skuleklassar med ujamne mellomrom og får omvising og har samarbeid og sunge salmar med organisten.

## 7. Arbeidet i kyrkjelydane

### Kyrkjelydane sin strategi og visjon

Bykle sokneråd har vedteke eit eldre måldokument med desse formuleringane:  
Bykle kyrkjelyd - ein del av ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.  
Motto: Med beina på jorda og blikket mot himmelen  
Hovudmål: Å hjelpe menneske til Kristus, og take vare på dei i ein god, kristen fellesskap.  
Måldokumentet bør takast opp til fornya handsaming.

### Generelle vurderingar av livet i kyrkjelyden

I 2011 vedtok sokneråda å prøve ut ny gudstenesteforordning, med bakgrunn i auka mobilitet og relativt likt tal på busette i bygdene Rysstad, Valle, Bykle og Hovden. Prøveordninga innebar like mange gudstenester i kvar kyrkje. Det er no to gudstenester (ei i kvart sokn) annankvar sundag, som betyr om lag fire gudstenester totalt kvar månad. Til saman ca 55-60 pr år. Forordninga er vedteke som fast ordning. For tilsette er forordninga grei. Utfordringa er at talet på gudstenester, er for lågt for å byggje kyrkjelyd og samhald på ein best mogleg måte.

Lokalt blir det arrangert møte med ulike misjonsorganisasjonar, som Normisjon og Misjonssambandet.

I Valle merkar ein nokon spenningar i kyrkjelyden mellom bedehusfolket og kyrkja.

I Bykle er kyrkja møteplass for organisasjonane, og spenningar er mindre.

I tillegg er det eit bedehus i Bykle kommune; Hoslemo bedehus. Her har hovudsakleg Norsk Luthersk Misjonssamband møteverksemd.

Normisjon har samarbeidd med soknerådet om fleire arrangement.

Ein del av våre nye landsmenn og kvinner er baptistar. Dei deltek litt i kyrkja, men har og egne samlingar.

I Valle og på Hovden er det sundagsskule.

## Gudstenester: utvikling av gudstenestelivet og gudstenestedeltaking

Tal besøkjande

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Valle og Hylestad	2615	2247	2594	2189	2564	2517
Bykle og Fjellgardane	2484	2198	2874	2662	2904	2378
<b>Totalt</b>	<b>5099</b>	<b>4445</b>	<b>5468</b>	<b>4851</b>	<b>5468</b>	<b>4895</b>

I Bykle og Valle og Hylestad sokn ligg gudstenestedeltakinga på sundagar og heilagdagdar stort sett på 8-9% av innbyggjartalet, det vil seie eit snitt på om lag 70 deltakarar per gudsteneste. Dei gudstenestene som trekkjer statistikken opp, er til dømes jolaftan, konfirmasjon og større familiegudstenester.

På dei gudstenestene der ikkje skjer noko særskilt, er det oftast rundt 30 deltakarar i Bykle. På Hovden er det rundt 10-15 i den lokale kyrkjelyden som kjem jamnleg. Andel turistar som kjem på ordinære gudstenester er vanskeleg å seie noko om.



### Kyrkelege handlingar



### Døypte

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Valle og Hylestad	11	7	10	6	5	7
Bykle og Fjellgardane	3	7	11	7	3	5
<b>Totalt</b>	<b>14</b>	<b>14</b>	<b>21</b>	<b>13</b>	<b>8</b>	<b>13</b>



### Konfirmerte

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Valle og Hylestad	11	19	19	12	20	17
Bykle og Fjellgardane	12	9	13	19	18	9
<b>Totalt</b>	23	27	32	31	38	26

### Gudstenester

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Valle og Hylestad	36	32	34	29	35	35
Bykle og Fjellgardane	36	30	35	30	33	34
<b>Totalt</b>	72	62	69	59	68	69

### Familiegudstenester

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Valle og Hylestad	7	5	3	4	3	5
Bykle og Fjellgardane	4	10	6	3	3	9
<b>Totalt</b>	11	15	9	7	6	14

### Andaktar på eldreheimane

Soknepresten, diakonen og organisten har andaktar om lag kvar 14.dag på Valle bygdeheim og Bykle sjuke- og aldersheim. Ein gong i månaden er det nattverd.

### Trusopplæring 0-18 år – anna barne- og ungdomsarbeid

I 2015 og 16 har det blitt arbeid fram trusopplæringsplan for baa sokna. Planane er svært like og mykje arbeid er felles mellom sokna.

Det er tilsett ungdomsleiar i prosjektstilling, felles for Bykle og Valle. Arbeidet er viktig for ungdom i sokna, og ein ynskjer å satse sterkare på dette.

Anna barne- og ungdomsarbeid  
Faste aktivitetar:

Aktivitet	Alder (ca)	Stad
Sundagsskule	3-12	Fjellgardane, Valle.
M-gjengen	6 – 12	Oppstart nov. 2016 Nomeland bedhus
Barnekor	6-14	Fjellgardane, Bykle (med kulturskulen).
Speidar	11-16	Fjellgardane/Bykle (felles). KFUK-KFUM.
Skulelag	12-16	Bykle. Valle, NKSS.
Allidrettsklubb	Ungd.skule	Valle
KRIK	Ungdom	Valle

## Undervisningsarbeid vaksne

Ein har i denne perioden hatt liten undervisningsaktivitet for vaksne i kyrkjelydane. I Valle har ei gruppe gjennomført «Korsveikurset» Spor

## Diakoni

Det er tilsett ein prostidiakon i deltidstilling.

Den viktigaste oppgåve til diakonen er å organisere og inspirere arbeid i diakonutvala. Diakoniutvala følgjer opp pårørande i samband med dødsfall, og yter viktige bidrag til gudstenester og samlingar i kyrkjelydane

I små samfunn, der dei fleste veit kven naboen er, er det kanskje naturleg at diakoniarbeid utøvast utan at det er organisert, men ved å vere bevisst i lokalsamfunnet. Det kjem m.a. til uttrykk ved at enkeltpersonar i kyrkjelyden besøker sjukeheimane regelmessig og enkeltpersonar etter behov.

Diakoniens dag blir markert i kvart sokn ei gong i året.

I Bykle er det i 2016 starta med middagsfellesskap om lag ein gong i månaden. Nye nordmenn har vore med å laga middag saman med frivillige og diakonen.

Det er brei oppslutning om Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Soknerådet i Bykle har før jol kvart år, inntil 2015, delt ut jolestjerner til pensjonistane. I 2016 prøver soknerådet i staden for blomar, å invitere til felles pensjonistsamling med middag i kyrkja. Fokuset på diakoni og diakoniens plass har auka i samband med prostidiakon-prosjektet, som no er er fast stilling. Kyrkja i Valle og Bykle finansierer 15 % stilling. Sjølv om stillinga er lita og dekker eit stor område, er det svært merkbart at den er der.

Det er eit diakoniutval i kvart sokn. Oppfølging av dette, opne vaffelsamlingar i Bykle og Fjellgardane kyrkje og kontakt med einskildmenneske er det som tek mesteparten av prostidiakonen si arbeidstid.

Soknepresten er med i kommunalt kriseteam.

## Misjon/SMM (Samarbeid menighet og misjon)

Både sokna har etablert eit samarbeid med Stafanusalliansen, med fokus på menneske som bur på søppelberget i Kairo.

Soknerådet i Bykle har eige misjonsutval, og baa råda innvilgar ofringar til misjonsprosjektet.

## Kyrkjemusikalsk arbeid

### Organisten:

Det arbeidast for eit høgt musikalsk nivå i gudstenestene.

I blant forsterkast det med frivillige forsongarar og eksterne musikarar.

Organisten deltek med akkompagnement og sjølvstendige musikkstykke på andaktar på sjukeheimane, og er i blant på dagsenteret med song og musikk.

Organisten driv også Familiekoret i Valle saman med kyrkjelydsarbeidar. Koret deltek på enkelte gudstenester i løpet av året, bl.a. 1. søndag i advent.

### Konsertar:

Organisten held eigne orgelkonsertar spreidd ut over året. Elles konsentrerast konsertaktivitet særleg omkring jol og påske. I 2016 var det og ein serie sommarkonsertar.

Ein søker å få til at konsertane representerer ulike musikalske uttrykk, men hovudvekt ligg på «klassisk» musikk, folkemusikk og country/gospel.

Barnekor: Bykle og Fjellgardane er eit samarbeid mellom Bykle sokneråd og kulturskulen.

Koret feira 30 år i 2016. Koret deltek på enkelte gudstenester i løpet av året, bl.a. fastelavn og ljøsmesse.

Prosjektbarnekor i Valle: Syngespelet Noas ark vart sett opp saman med Ivar Skippervold.

## Integrering av menneske med spesielle behov og nye nordmenn.

Familiekoret i Valle og Hylestad er blitt eit tiltak og ein møtestad mellom flyktningar og lokale kyrkjelydsmedlemmer.

I Bykle er det i 2016 starta med middagsfellesskap om lag ein gong i månaden. Nye nordmenn har vore med å laga middag saman med frivillige og diakonen.

### Flyktningar

Det er busett om lag 40 i Valle kommune og 45 i Bykle.

Hausten 2015 var det akuttmottak på Rysstad. Ein del flyktningar deltok på forskjellige gudstenester. Soknepresten har saman med ein buddhistmunk i Valle teke initiativ til eit møte med tema religionsdialog.

Diakonen har vore i kontakt med kommunens rehabiliteringsteneste, men så langt har vi ikkje etablert konkrete prosjekt/samarbeid.



Reint fysisk er kyrkjene tilgjengeleg for rullestolbrukarar (med unntak av Hylestad og Bykle gamle kyrkje).

## Kultur, samarbeid med det alminnelege kulturliv

Bygdekvinnelaget i Valle er ein stadig og trufast bidragsytar til arrangement.

Valle jordbruksklubb skipar til hausttakkefest.

Setesdalsmuseet er positive til m.a. friluftsmesser på Tveitetunet – og sørger for omvising i Bykle gamle kyrkje om sommaren – og har joleverkstad i museet etter lysmessa i Hylestad 1.s.i adv.

Folkeakademiet i Valle, og Folkeakademiet i Bykle

Felles arrangør av konsertar, m.a. møte om religionsdialog

Valle Idrottslag samarbeid om fakkeltog 1. søndag i advent  
Folkemusikk og musikarar blir ofte brukt i kyrkjelydens gudstenester og adventkonsertar.  
Kulturkontor og kyrkjekontor samarbeider og er frå tid til annan felles arrangør av konsertar og større arrangement.

### **Informasjonsarbeid**

Kyrkjelydane har oppretta felles nettside ([www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no), [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)) og facebookside.

Gudstenester og arrangement vert kunngjort i lokale meldingsblad (Byklaren og Bygdenytt) og lokalavis (Setesdølen), i tillegg til plakatar.

Ved høgtidene er det utvida PR i avis og blad/magasin.

”Vegleiaren” har vore eit felles kyrkjelydsblad. Siste nummer kom ut hausten 2015.

Kyrkjelydsbladet si framtid er uviss pga manglande frivillig engasjement og prioritering av oppgåver for fast tilsette.

Kunngjeringar i Valle radio frå tid til anna.

Lokalavisa Setesdølen er positiv til å trykke aktuelle pressemeldingar og reportasjar om ting som går føre seg i kyrkjelydane. I stor grad er det den kyrkjelege administrasjonen som sender bilete og stykke/informasjon.

### **Kyrkjelyden i møte med turistar**

Bykle kommune har lenge vore ein vintersportsstad, med ei mangedobling av folketalet i helger og høgtider i vinterhalvåret. Ein reknar at det kan vere om lag 20 000 menneske i kommunen, og særskilt i Hovdenområdet i desse periodane. Utbygging i Brokke/Evardalen har og medført stor auke av menneske i Valle og Hylestad sokn i same tidsrom.



Dei lokale kyrkjene har opne messer og konsertar i desse periodane. Jamt over er dei godt besøkt.

Dei to siste påskene har prosten i Otredal vore påskeprest på Hovden. Då er kapasiteten og tilbudet auka betrakteleg m.a. med friluftsmesser, gudstenester og arrangement i Fjellgardane kyrkje.

Om kyrkja skal vere der folket er, så har vi store utfordringar ifht fleksibel kyrkjeleg betjening når folket flytter seg frå kyst til fjell og omvendt.

Ser ein til dømes på jolegudstenestene i Bykle skil dei seg ut, med mellom 600 og 700 deltakarar fordelt på ei gudsteneste i Bykle og ei på Hovden. 200-300 deltakarar på ei heilt ordinær friluftsgudsteneste i påske 2016 på Hovden, seier også noko om behov og potensiale.

Setesdalsmuseet har omvising i Bykle gamle kyrkje frå medio juni, heile juli og starten av august. Hylestad kyrkje er open heile juli.

### **Pilegrimsvandring**

Sidan 2006 har Bykle sokn, fjellprest, prostidiakon, lokal prest og bispedømmeråd arrangert pilegrimsvandringar frå Hovden til Røldal i starten av juli.

Hovden Fjellstoge har vore ein praktisk arrangør og samarbeidspart.



### **Arbeidstilhøve med tanke på økonomi og lokale**

Dei tilsette som har hovudarbeidet i kontorlokale, har gode arbeidstilhøve.

For tilsette i deltidstillingar kan det vere eit sagn at det ikkje er meir arbeidsfellesskap i det daglege, men med små stillingar og spreidd struktur, er det noko ein lever med.

Økonomien set sjeldan stopp for mindre prosjekt, kursdeltaking, innkjøp av kontormateriell, arbeidsmateriell og slikt. Når det gjeld stillingar og større innkjøp/prosjekt, må dette i stor grad takast opp med kommunen, ettersom dei kyrkjelege budsjetta har lite rom for store endringar.

## **8. Samarbeid med organisasjonar og kyrkjelydar**

### **Innafor sokna og med andre sokn/nabosokn**

Når prest og organist er felles for både sokn, samt at diakon og ungdomsleiar arbeider i både sokn, er det heilt naturleg at det blir mykje samarbeid.

Konkret får det fylgjande uttrykk:

- Årleg 1-2 felles soknerådsmøte for å drøfte fellessaker
- Felles/synkronisert gudstenesteplanlegging
- Felles arrangement i trusopplæringa og svært like trusopplæringsplanar.
- Felles stabsmøte om lag kvar månad
- Felles nettside/heimeside

Innafor Otredal prosti samarbeider alle sokneråda om prostidiakonstillinga.

Innafor prostiet er det også jamlege prestesamlingar og det har vore kyrkjeverjesamlingar.

### Samarbeid med andre kristne organisasjonar og kyrkjesamfunn

Organisasjonar som driv kristent arbeid er velkomne til å bruke kyrkjene til dette.

## 9. Konklusjon/framtidsperspektiv

Framleis er konklusjonen frå 2006 aktuell:

«Sokneråda har ingen planar om store endringar, men vi halde fram med det gode arbeidet. Utfordringar som sokneråda har framover, er til dømes fornying og nyrekruttering når det gjeld det friviljuge arbeidet, og korleis kyrkjelydsarbeidet skal møte turistsatsinga.»

Kyrkja i Valle og Bykle har ein god driftsorganisasjon som gjer at folkekyrkja lever. Det er ei utfordring å byggje kyrkjelyd med gudstenester berre ein gong i månaden i kvar kyrkje, men framleis vert viktige hendingar i mange menneske sitt liv markert i kyrkja.

Ny trusopplæringsplan gjev inspirasjon, føringar og mål for delar av kyrkjelydsarbeidet. Når det gjeld samarbeid skule-kyrkje er det mogleg med meir målretta innsats. Undervisning av vaksne kan også utviklast.

I vår tid er diakonien ein viktig arena for å gi kyrkja truverde og profil. Møte med menneske i livskriser i form av gode seremoniar, oppfølging og inkludering er mål i seg sjølv.

Frivillig engasjement kan vere avgjerande for ei god utvikling av kyrkjelydsarbeidet.

### Samarbeid mellom sokna

I praksis veks verksemda i prestegjeldet meir og meir saman. Sokna har fleire felles stillingar, og ein samarbeider om stillingar, trusopplæring og på andre område. Både sokn har omfattande tenesteyting frå kommunen. Det er krevjande for kyrkjekontora og personalet å løyse oppgåver på mange fagfelt, så noko kommunal tenesteyting må påreknast. Men i tillegg er fagleg samarbeid mellom sokna viktig.

Stabs- og strukturprosessen ein er i gong med kan vise veg og kanskje gje svar på om samanslåing og/eller samlokalisering av kyrkjeleg tilsette er ein veg å gå.

VALLE OG HYLESTAD SOKN OG BYKLE SOKN, januar 2017